

Sånad

Av Anders Hovden

Han breider seg, åkeren, mjuk og varm,
og bonden gjeng med ei bytte på arm
og strår ut sitt skinande sæde.
Og jamt det fell yver eimande jord;
han sukkar til Gud um signing og gror
og mullar eit gamalt kvede:

På denne grunnen frå eldgamal tid
hev federne sått ned sin livsens strid
og dogga med smil og tåra.
Her lo deira morgon og gret deira kveld,
og hugmåli kveiktest og slokna som eld,
her kvarv dei i tidarbåra.

Sjå, denne her garden er riket mitt,
og her kann eg leva og snu meg fritt;
for her er eg fremste karen.
Gorsevna sildrar so frisk um mi rot,
her skyt eg greiner i evne og mot,
som pilen ved elvebarden.

Eg bryt upp bøen og velter i koll,
og gjerer min teig til ein langhøyvoll;
mitt verk skal i framtidi vaka.
Raust skal her vera med suvl og med grøn,
og det er mi gjævaste arbeidsløn,
at sonen min garden skal taka.

Der drys ein eling frå bonden si hand
av gyllande korn yver fedreland
i glansen av vårsol og væte.
Vår heim skal bylgja av gras og vaks,
og landet lysa av gulnande aks,
og folket av framtak og kjæte.

*Prenta i "Lesebok for ungdomsskulen" ved
Lars Eskeland og Severin Eskeland, fjerde
upplaget, 1924.*



Motiv frå Tysnes i Sunnhordland.

I dette nummeret:

Tore Lund:	Nynorsk - eit mål i oppløysing	s. 2
Bjarte Runderheim:	Lesarbrev	s. 2
Olav Torheim:	Krevja eller gjera sjølv?	s. 3
Olav Torheim:	Beit Hadassah og Beit HaShisha	s. 4
Kenneth Kiplesund:	Realismen i norsk litteratur	s. 5
Olav Torheim:	Journalistikkens tronge kår i Midausten	s. 6
Lars Moe:	Frostfull daudmetall frå Finland	s. 6
Kenneth Kiplesund:	Ytre geologiske prosessar	s. 7
Olav Torheim:	Kva gjorde Siv Jensen på Bilderberger-møtet?	s. 9
Lars Moe:	Punkbandet Haggis slær til endå ein gong	s. 10
Olav Torheim:	Avskip paragraf 93!	s. 11
Lars Bjarne Marøy:	Plasten si saga i Noreg	s. 12
Lars-Toralf Storstrand:	Segjer Bibelen noko um Atlantis?	s. 14
Lars Moe:	Eldgrim: Norden kallar	s. 15
Lars Bjarne Marøy:	Trefall er burte	s. 15
Thoralf Bergwitz:	Framtidi for høgnorsk mål i Noreg	s. 16

Nynorsk - eit mål i oppløysing

Av Tore Lund

Med "nynorsk" meiner eg ikkje det same som høgnorsk. Men eg meiner ei utgåva av norsk mål som tykkjer det er ein fyremun å knota etter bokmålet. Men eit språk som ter seg på dette viset, er eit språk på veg mot oppløysing.

Millom nynorsk-tilhengjarane, serleg ungdomen, møter me jamt slagordet: Snakk dialekt, skriv nynorsk! Ein skulde mest tru at dette slagordet er laga av nokon som vil nynorsken til livs. Eit mål som ingen talar og som einast eksisterer i skriftleg utgåva, er berre bokmål og gjeng sin visse daude i møte. Um lag som latinen i millomalderen.

Nei, snakk nynorsk og skriv nynorsk - eller betre: høgnorsk! Det er lov å snakka dialekten sin, må vita, men attåt denne må ein læra å snakka korrekt normaltalemål med. Slik er det i alle andre europeiske land, medrekna våre skandinaviske broderland. Der vert ikkje dialektbruk utan vidare godteken i offisielle høve som til dømes radio og fjerrisjå.

Dialektane, serleg slik ungdom flest i dag snakkar, er so infisert av bokmål at dei er lite sätande som norm for eit nynorsk skriftmål. Dessutan, kva for ein dialekt skal me leggja til grund? Sognamål eller bergensdialekt? Kva med dialektane i Finnmark jamført med Telemark? Og austlandsdialektane vert meir og meir påverka av oslodialekten og er soleis på full fart yver til bokmålet.

Lat oss sjå på nokre døme. I vèrmeldingi både i radio og fjerrisjå høyrer eg stødt sokalla nynorsk-brukarar som snakkar um *lavtrykk*. Eg trudde det heitte *lågtrykk* på nynorsk, eg. Dersom det framleides eksisterar noko som heiter korrekt nynorsk, då.

"Anbeheitlese"-ordi er framleides ikkje heilt godtekne i nynorsk (men berre vent...). I bokmål hev me til dømes ordet *uttalelse*, som på nynorsk heiter *fråsegn*. Men mange nynorskfolk meiner visst at dette ordet er på sida av slik folk plar tala. Bokmålsordet *uttalelse* lyder meir folkelegt. Men for å sleppe -else hev nokon koma på ei god løysing: Tak berre burt heile endingi, so vert *uttalelse* til *uttale*! Genialt, kva? Men problemet er berre at på bokmål er ikkje *uttale* det same som *uttalelse*. Ein person kann gjerne koma med ein "uttalelse", jamvel um han hev dårleg uttala. Men på nynorsk skal alto denne språklege skilnaden viskast ut. Det er slikt som heiter språkleg utarming.

På nynorsk heitte det tidlegare millom



Toler dei moderne måltrolli dagsens ljøs?

anna *kvefs*, *kvelp*, *kvervel*, *korkje*. Men no tykkjer mange at det læt finare å segja som på bokmål: *hveps*, *hvalp*, *hvirvel*, *hverken*. Dessutan er det urimeleg å krevja at vilkårssetningar på nynorsk alltid skal byrja med konjunksjonen *dersom*. Nei, i namnet åt demokratiet må *hvis* med kunna nyttast, må vita.

Men her er eit problem, av di ingen vanlege nynorske ord byrjar med kombinasjonen *hv*. På nynorsk byrjar, som ein veit, desse ordi med *kv*. Men problemet let seg lett løysa: Me tek berre burt alle h'ane, og vips hev me både *veps*, *valp*, *virvel*, *verken* og *viss*. Men me kann då ikkje skriva same ordi ulikt på bokmål og nynorsk (kvifor ikkje, forresten?), og difor må den nye rettskrivingi gjennomførast for bokmålet med.

Men vert ikkje då viktuge meiningskilnader viska ut? "For *viss* det vert slik, kan eg *verken* vera *viss* um dei snakkar um *verken* i hovudet mitt eller um noko anna." Og held denne tilskeivingi fram, kjem det kann henda ein dag til å heita at "det du *viska* i øyra mitt, det hev eg

no *viska ut* på papiret". Til lukka heiter det framleides *kviskra* på nynorsk. So lenge det varar!

Til slutt: Kvifor i all verdi skriv ein på dagsens nynorsk ein leiar utan d? Det er ikkje noko argument at i nynorsk skal d'en til vanlegt ikkje uttalast millom tvo vokalar. Ordet kjem frå gamalnorskt å leiða. Og i dette åføret skil den nynorske ortografien seg frå bruken i andre germanske mål: Bokmål og dansk leder, svensk ledare, engelsk leader, tysk Leiter (i dette ordet er ein opphavleg d vorte til t).

Men på nynorsk skal det alto heita LEIA!

Tore Lund er pensjonert høgskulelektor.

Lesarbrev:

Toralf Bergwitz og "fikk betalt for"

I Målmannen nr. 1 skreiv Toralf Bergwitz om denne "meningsløysa", som eg og nokre andre ikkje kan sjå nokon feil i.

Det fins då mange andre døme på samansetjing av "fikk" og eit partisipp på bokmål: "fikk fastslått at ...", "fikk godt-gjort at ...", "... fikk rensset frakken" og "fikk godt betalt for jobben". Det ser ut til å fungera som eit slag objektspassiv. (Kva? Har eg funne på noko nytt?) (Nei, aldri då - men likevel ...)

I det heile fekk Bergwitz sagt (sic.) mykje om mangt, men var det rett?

Språkkonservatisme er truleg ikkje nok i seg sjølv til å forlana nokon med korrigerande kraft.

Bjarte Runderheim



Senter
mot

antisemittisme

Telefon:
21 94 00 00

Epost:
post@antisemittisme.no

Web:
www.antisemittisme.no

NIS-info

Bladet for deg som:

- Vil vita meir um Israel og jødedomen
- Ynskjer meir kunnskap um assyrarar, koptarar, kurdarar og andre folkeslag som dagleg vert tynte av arabiske okkupantar
- Etterlyser meir sakleg og balansert informasjon um stoda i Midtausten
- Et Jaffa-appelsinar og Carmel-potetor med god appetitt og godt samvit!

NIS-info vert fritt sendt til 20.000 husstandar. Friviljugt støtteabonnement kr 250. Kontakt oss på post@antisemittisme.no eller NIS-info, Øvre Ullern Terrasse 51, 0380 Oslo.

Krevja eller gjera sjølv?

Av Olav Torheim

“Nynorskens forfall” er titelen på eit nytt innlegg som den alltid like velmeinde Føderlektoren Svein M. Sirnes hev ført i pennen - på bokmål - og fenge på prent i Dagbladet den 11.03.08. Her heiter det millom anna at:

“En trenger [...] ikke lese mange tekster for å konstatere at nynorsken som skrives i dag, er sterkt påvirket av bokmål og oppviser klare brudd på nynorsknormalen. Feilene florerer i elevtekster, skriv, brev, og på oppslag, skilt og plakater. [...]”

Det kan ikke være tvil om at den digitale kulturen - først og fremst Internett, e-post og aktiv bruk av søkemotorer i undervisningen - representerer store utfordringer for nynorsken. [...]

I løpet av noen få tiår har tettsteder og småbyer i nynorskland, som Ørsta og Førde, utviklet seg til merkantile sentre med store varehus og moderne forretninger som tilhører landsdekkende kjeder. I sin markedsføring gjør de bruk av standardisert materiell som i all hovedsak er utformet på bokmål. Lokal tilpasning (les: markedsføring på nynorsk) er det knapt noen som har tanke for. “

Som det gjeng fram or tidlegare innlegg i Målmannen um verksemd i hans Sirnes so steller me i Målmannen-redaksjonen oss ein smule tvilande til kva det er som er Sirnes sin agenda i denne saki. Kor som er, ein må berre undra seg på kvifor det er vorte slik at kvar gong det er ein nynorsk kommune som er i framgang, so skjer det på kostnad av nynorsken. Og når det gjeld Internett, kvifor er det slik at flestalle andre grupper og subkulturar fær markert seg, knytt nye kontaktar og utvida nedslagsfeltet sitt på internett, men ikkje me nynorskingane? Internett kunde meir enn noko anna ha vore med på å skapa ei nynorsk ålmenta, men ingenting skjer. Bloggosfæren er til dømes full av nynorske bloggar der målfolk skriv uinteressante innlegg um privatlivet sitt, men det finst ikkje ei einaste nynorsk nettavis og ikkje eit einaste nynorsk ordskitteforum (med undantak for vårt eige Målmannen-forum). Den nynorske nyhendeportalen Nynorsk.no er ikkje open for kommentarar, og Mållagslista vart stengd av di mållagsleiingi ikkje hadde kontroll med det som hende der.

For hundrad år sidan arbeidde målfolk trottugt med å få stabla nynorsk teater på føtene, få Bibelen og kyrkjemålet på nynorsk osb. Den gongen var nynorsk i kyrkja vel so viktugt som nynorsk kino og nynorsk på internett er i dag, men i våre dagar er målrørsla sitt engasjement i tilsvarande saker jamt og samt vorte redusert til å klaga og syta yver stoda og

setja seg ned og krevja at staten må koma og rydja upp. Men er me målfolk verkelegt so tafatte at me ikkje kann gjera nokon ting sjølv lenger? I gamle dagar arbeidde målfolk til dømes med å setja um verdslitteraturen til nynorsk, og borni våre kunde få lesa Jules Verne på nynorsk, men i dag fær ein ikkje ein gong prenta upp att dei bøkene som faktisk finst. Me som er interessert i god nynorsk barne- og ungdomslitteratur må leita etter denne i antikvariat.

I NTNU-studentavisa Under Dusken les me den 10.03.08 at Norsk Målungdom hev skipa til ein kampanje der dei krev nynorsk på kino. Og visst er det fint at NMU-ungdomane engasjerar seg, men kor mykje er kome ut or alle desse kampanjane og uppropi som til dømes "Slepp nynorsken til i Dagbladet og VG", der det mest handgripelege resultatet var at Steinulf Tunesvik fekk koma til i Rikets Røst og slå fast at han vilde ha "nynorsk thrash"? Realiteten er at kampanjar høver fint for organisasjonane til å profilera seg sjølv og rekruttera nye medlemmer, men ikkje so mykje meir. Nei, då var det meir fres med NMU i 1997 då "Nynorsk elevgerilja" lagde ei lærebok ut på internettet for ålmenn nedlasting.

Det undrar meg at ikkje nokon for lengst hev kome på idèen å setja nokre datakunnige ungdommar frå nynorskdistrikti på saki med å laga nynorsk teksting sjølv. På torrentsidor som isohunt, piratebay, mininova osb er det hopetal med filmar som let seg lasta ned, med undertekstar og det heile, og det mange vikor eller månader fyre dei kjem på kino i Noreg. Det er kort og godt berre å setja seg ned og skriva dei engelske tekstfilene um til nynorsk, og so hadde me havt nynorsk kino - heimekino, um ikkje anna! Mållaget kunde ha tilbode filmselskapi å yvertaka tekstfilene vederlagsfritt, og um dei ikkje tok imot tilbodet kunde målungdomar i Volda, Førde, Leirvik eller på Voss stelt seg upp utanfor kinoen med plakatar der dei oppmodar folk um å gå heim og lasta ned nynorskumsett film sjølv.

Den dagen det renn yver med nynorsk teksting på piratsidone, og filmprodusentane hev valet millom å nynorskteksta dei DVD'ane som vert selde eller godtaka at dei heimesnikra versjonane faktisk vert meir populære enn dei offisielle (på same måten som det er med mykje programvara i dag, kann du lasta ned ein piratkopi som fungerer perfekt eller slita med lovleg programvara der det stødt er problem med lisensserverar og dilikt), då byrjar me snakka um noko. På den vide

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Natland stud. by S136
5081 Bergen

Bladstyrar:

Olav Torheim
olaveth@start.no
Tlf 55 28 23 70
Mobil 99 15 64 28

Netstad:

<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktør-plakaten.l

verdsveven finst det til dømes flusst med eldsjeler som friviljukt lagar engelske subtitlar til japanske anime-film, so seg ikkje det at nynorskfolk ikkje kann gjera det same um dei vil det. Men nokon må faktisk gjera dette arbeidet, og visa at det er interessa for soverne tiltak. At nokre tordenskjoldssoldatar skal ut på gata og krevja både det eine og det andre på vegner av nynorskfolk flest som (diverre) greider seg fint med bokmål, det gjev oss inkje truverde og helder ingen framgang.

Gåvor sidan sist:

1000 kr: Senter mot antisemittisme. 350 kr: John Marhaug, Fyllingsdalen. 250 kr: Robert Anderson, Hovin i Telemark. 150 kr: Magne Myhren, Oslo, Thor Helge Langsholt, Oslo, Olav Felland, Dalen, Johannes Volle, Nordre Vartdal, Tormod Ropeid, Askim, Per Inge Bale, Øvre Årdal, Arnold Lund, Sandnes. 100 kr: Bjarne Målsnes, Kokstad, John Kibsgaard, Fiskarstrand, Arne Børre Teigen, Sande, Torkel Viland, Ølen, Namnlaus. 50 kr: Bjarne Færavaag, Florvåg, Herman Raner, Trondheim, Jostein Budal, Lesja, Jørgen Vogt, Oslo, Emil Nybråten, Gjøvik, John Ole Askedal, Oslo, Birgit Jørgensen, Kristiansand, Torstein Sausjord, Voss, Knut O. Dale, Odda, Kristian Endestad, Førde, Namnlaus.

I alt 3850 kr. Målmannen takkar.

NB! Som ein kann sjå frå lista var det tvo "namnlause" denne gongen. Til neste gong vonar me alle hugsar namn og adressa!

Beit Hadassah og Beit HaShisha

Umsett av Olav Torheim

Busetjarane på Vestbreiddi og Gaza er ei heit potet i internasjonal politikk. Dagstødt vert dei skulda for "ulovleg okkupasjon" og brot på internasjonal lov, men sjølve meiner dei at dei einast er patriotar som byggjer ut fedrelandet sitt. I denne artikkelen, som er henta frå heimesida åt det jødiske samfundet i Hebron, kann du lesa at det jødiske samfundet i Hebron vart atterreist - sèt frå busetjarane sin eigen ståstad.

Påskan 1968 - Jødar fer attende til Hebron for å feira påske.

Erev Rosh HaShana 1971 - Jødar flytter frå militærlægret i Hebron til det nyss grunnlagde Kiryat Arba.

Erev Rosh Hodesh Iyar 1979 - Jødar fer attende til byen Hebron.

Midt på natti, ei og ei halv vika etter påske, reiste ei gruppa på 10 kvinner og 40 born frå Kiryat Arba. Dei køyrde med ein lastebil gjennom dei folketome gatene i Hebron. Dei fann vegen til det fråflutte Beit Hadassah, opphavlegt bygt i 1870-åri som ein medisinsk klinikk for jødar og arabarar i Hebron, og forlaten etter pogromen i 1929.

Kvinnene og borni, hjelpte av mennene sine, kleiv inn i Beit Hadassah gjennom eit vindauga på baksida. Dei tok med seg eit minimum av forsyningar. Dei kosta burt litt støv som hadde samla seg opp gjennom mange tiår, lagde ut nokre madrassar, og lagde seg til å sova.

Då dei vakna om morgonen, gav borni



Beit Hadassah-huset sèt i profil. Henta frå hebron.com.



Det jødiske samfundet i Hebron er stødt i skotlina. Bilætet er henta frå gravferdi åt ti månader gamle Shalhevet Pass, som vart myrda av ein arabisk snikskyttar.

seg til å syngja: v'shavu banim l'gvulam - borni er komne heim att. Soldatar som stod vakt på toppen av bygninga, kom ned for å sjå etter, og dei vart ovandotne då dei fekk sjå kvinnene og borni. Dei var snøgge til å melda vidare til offiserane sine, og snart var "kvinnene i Beit Hadassah" eit nasjonalt samtaletema.

Statsminister Menachem Begin var ikkje tilhengjar av busetjing midt inne i byen, men gjekk i mot å fysiske utvisa gruppa. Han gav ordre om å slå ein jarnring kring bygninga med politi og soldatar, og ferda ut eit dekret om at ingen ting, korkje mat eller vatn eller anna, skulde få sleppa inn i bygninga. Begin vart snart vitja av Rabbi Moshe Levinger, som hadde kona Miriam og mange av borni sine inne i Beit Hadassah:

"Då den israelske heren omringa den egyptiske tredje armeen i Sinai under Jom Kippur-krigen, gav me fiendesoldatane mat, vatn og medisinar. Om dette er det me gav dei egyptiske soldatane som hadde gjeunge til åtak på oss og drepe soldatane våre, so lat i minsto kvinnene og borni i Hebron få det same".

Begin hadde ikkje noko anna val enn å gjera som han sa. Kvinnene og borni levde vidare på denne måten, omringa, i to månader. Ingen fekk sleppa inn, og ingen fekk lov til å koma attende.

Ein dag var det ein liten gut i Beit Hadassah som skadde ei tann og laut fara til tannlækjaren i Kiryat Arba. Då han kom attende til Beit Hadassah, stod det ein soldat i inngangen og nekta honom koma inn att. Den vesle guten tok til å grina, "Eg vil til Ema (mamma)". Samstundes var det møte i den israelske regjeringi, og eit notat

vart levert til statsministeren om at det stod ein liten gut utanfor Beit Hadassah og grein av di han ikkje fekk sleppa inn. Etter eit ordskifte i kabinettet, fekk den vesle guten løyve til å koma inn att til mor si i Beit Hadassah.

Etter meir enn to månader fekk kvinnene og borni løyve til å koma og gå som dei vilde, men ingen andre fekk lov til å sleppa inn. Slik livde dei i eitt år.

Um fredagskveldane, etter sabbatsbøni i Ma'arat HaMachpela (Makpela-hôla), vart dei som sagde fram bønene med for å syngja og dansa framfyre bygninga og sitera Kiddush (heilaggyringsbøn) for kvinnene fyre dei reiste attende til Kiryat Arba. Aksjonistane var studentar frå bibelskolen Kiryat Arba Nir Yeshiva. Tidleg i mai 1980, eitt år etter at kvinnene kom til Beit Hadassah fyrste gong, vart nokre av karane overfalne av terroristar som hadde gøymt seg på taket av ei bygning rett attmed. Dei arabiske terroristane, som skaut og kasta handgranatar, drap seks av mennene og skadde tjue. Seinare denne veka kom den israelske regjeringi endeleg med ein offisiell autorisasjon for atterreisningi av eit jødisk samfund i Hebron.

Den 11. juni i år, på dagen tjue år etter manndrapi i Beit Hadassah, vart ei ny bygning vigsla til minnet om desse drepne mennene. Beit HaShisha, Seksmannshuset hyste seks nye familiar. Dette vene bygget skal udødeleggjara namni åt dei seks unge mennene som let livet i Hebron, og som med det la grunnlaget for eit jødisk Hebron i hjarta av byen. Det jødiske samfundet i Hebron laut venta i tjue år før dei fekk heidra desse mennene, men no hev endeleg draumen vorte til røyndom.

Realismen i norsk litteratur

Av Kenneth Kiplesund

"Det at en litteratur i våre dager lever, viser seg i at den setter problemer under debatt". Dette sitatet vart sett fram av den danske litteraturforskarer Georg Brandes. Det er vorte vidgjete, for det lagde eit program for korleis den tonegejevande norske litteraturen vart i 1870-80-åri. Denne litterære perioden vart kalla realismen.

Sermerke med realismen

Ein kann segja at realismen var ein reaksjon mot romantikken som hadde vore rådende fyre realismen sette inn. Dei romantiske forfattarane lagde vekt på kjenslor og idylliserte dei emni som dei tok fyre seg. Til dømes vart den typiske norske bonden framstelt som ein mann som hadde bunad som kvardagsdrakt. Forfattarane som skreiv realistisk hadde sanningi som eit viktugt stikkord, dei vilde skildra samfundet slik det i røyndi var. All urett, lygn og hyklarskap skulde fram i ljuset og gjerast noko med. Slik kunde samfundet verta betre å liva i. Forfattarane ynskte at einskildmennesket skulde ha meir fridom. Folk skulde tenkja sjølve, og ikkje berre blindt fylgja autoritetane (som til dømes kyrkja). Realistane vilde provosera og skapa ordskifte, slik at flest mogleg vart med og gjorde um samfundet. Sentrale forfattarar var dei som i dag vert kalla dei fire store: Bjørnstjerne Bjørnson, Henrik Ibsen, Jonas Lie og Alexander Kielland.

Tema som forfattarane under realismen tok opp, var til dømes:

- Forretningsmoral (En fallitt av Bjørnstjerne Bjørnson)
- Religion og kyrkja (Ein fritenkjar av Arne Garborg)
- Samliv og ekteskap (Et dukkehjem av Henrik Ibsen)
- Uppseding og skule (Gift av Alexander Kielland)
- Armod og rikdom (Garman & Worse av Alexander Kielland)
- Pliktmoral og hyklarskap (Gjengangere av Henrik Ibsen)

Forfattarane var påverka av radikale idear som ulma ute i Europa. Me fekk endringar i vårt eige samfund med:

- Darwin og evolusjonsteorien hævda at mennesket var eit resultat av utvikling. Dette underminerte kyrkja si maktstoda, som til då hadde havt monopol på å fortelja korleides verdi/menneski vart til.
- Filosofen John Stuart Mill hadde skrive boki "Om kvinneundertrykkelsen". Denne

boki gjorde sitt til at kvinner fekk augo opp for korleides dei vart handsama (dei fekk millom anna ikkje avgjera sjølve kven dei skulde gifta seg med), og tok til å kjempa mot denne tynningi.

- Ideen um parlamentarisme byrja gjera seg gjeldande.

- Med industrialiseringi fekk ein ei ny gruppa menneske; arbeidarklassen. Desse byrja organisera seg for å søkja makt. Denne gruppa livde i småe kår, og vart difor mykje umtala i den realistiske litteraturen.

- I vårt eige land tok bøndene til å søkja politisk makt, og det var stødt konflikhtar millom deim og embetsmennene. I 1884 vart vårt fyrste politiske parti, Vinstre, skipa. Dette partiet studde millom anna bøndene si sak. Mange realistiske forfattarar engasjera seg i dette partiet. Som ei motvikt mot dette vart partiet Høgre skipa.

Alle dei nemnde sakene spegla seg att i den realistiske diktingi.

Litterær form

Når det gjeld den litterære formi, gjekk det mest på romanar og drama. Her var det råd å lesa forfattaren si meining ut or teksti, og det var det som var meiningi med. Persongalleriet var ikkje lenger stereotype menneske med sereigne sidor, men personar med blanda kjenslor: Tru og tvil, venskap og sinne. Dette vart dimed meir realistisk enn i nasjonalromantikken.

Reaksjonar

Reaksjonane på dei verki som desse forfattarane gav ut let ikkje venta på seg. Dei høge herrane i kulturlivet lika det som regel dårlegt, og det var store diskusjonar um sume forfattarar skulde få kunstnarløn frå staten. Til dømes fekk Ibsen dette, medan Kielland ikkje vart unt noko slag.

Som ei oppsummering kann me segja at realismen var ei oppgjerd med det gamle. Ofte valde forfattarane kvinnelege hovudpersonar i verki sine, siden det var desse som etter deira syn var mest undertrykte. Forfattarane lagde ingenting imillom når dei skreiv at, røyndomen og sanningi skulde fram, og kritikkverdige tilhøve skulde rettast opp.

Kjeldor

Folkedal, Kåre m.fl.: Kolon. Studiebok for VK1 og VK2. Oslo: Det Norske Samlaget, 2000.

Gmsys: Sentrale emner i den realistiske lit-

Toler ikkje Mållaget dårleg humor?

Noregs Mållag fortel at dei hev fenge 40 nye medlemer etter at NRK sende ein episode av humorprogrammet "Ut i vår hage" med titelen "Noreg uber alles". Attum programmet stend nittitalskomikarane Harald Eia og Bård Tufte Johansen.

Til dei som ikkje hev sèt dette programmet so kann me stutt nemna at "humoren" i programmet gjeng ut på å framstella målfolk som nazistar, og dei skal visst ha freista vekkja Alf Hellevik til live att - anten det eller so visste dei ikkje ein gong at han var død. Men likevel so steller skri-varstova i Noregs Mållag glisande upp i Dagbladet i eit uppslag der det vert slege fast at "alle på kontoret skoggerlo" åt det heile, og at dei tek saki på ein sporty måte.

Kor som er, for ti-tolv år sidan vilde ikkje dei nemnde mållagsfolki rekna dette programmet for morosamt i det heile - tvert um hadde programmet gjerne vorte mat for ein ny kronikk i Motmæle frå Håkon Kolmannskog og Eli Bjørhusdal der dei sterkt kritiserte den moderne ungdomskulturen som skulde ha ironisk distanse til alt og ikkje våga å stå for noko, ikkje minst representert ved Tufte og Eia. Men no når Tufte og Eia byrjar draga på åri, og dei tidlegare målungdomane det same, so stend dei krampaktig fram i avisone og skal demonstrera at dei hev sjølvironi so det held.

Ja, de narrar i alle fall ikkje oss til å læ! Og når det gjeld dei 40 nye medlemene so fær me berre vona at dei ikkje vert altfor vonbrotne når dei oppdagar at Mållaget diverre ikkje lenger er den militante stridsrørsle for nynorsk som det nemnde programmet skulde få sjåarane til å tru. Me derimot lovar å oppfylla alle fordomar som visse personar der ute skulde ha mot oss som framleis vil ha ei nasjonal målreising og eit sermerkt norskt mål. So sank helder ein tingar til Målmannen!

Dvergemalet

teraturen.

Haavardsholm, Espen og Janneken Øverland: Litteraturhistorie for den videregående skolen. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1993.

Skarland, Eskil: Realismen i norsk litteratur ca. 1870-85:

www.overhalla.gs.nt.no/fagsider/norsk/realismen.htm

Skoleforum: Sammendrag av realismen: www.skoleforum.com/essaydet.asp?eid=2473.

Journalistikkens tronge kår i Midausten

Av Olav Torheim

Dokumentarfilmen "Iraq - the hidden story", produsert av Channel4-journalisten Jon Snow, fortel oss kor vandslegt det er å få ut informasjon um kva som faktisk gjeng seg i Irak. Utanfor den sterkt barrikaderte, grøne sona i Bagdad, er det livsfarleg for vestlege journalistar å ferdast utan tungt vakthald frå amerikanske soldatar. Skil ein ferda åleine, må ein rekna med å verta burtford eller drepn.

Internasjonale pressebyrå som til dømes Reuters hev difor forskansa redaksjonane sine i eigne bunkerar innanfor den grøne sona, og dei nyttar lokale irakarar til å fara ut og rapportera frå den raude sona. Problemet er berre det at dei lokale irakiske journalistane dekkjer sakene frå sitt perspektiv, og steller gjerne ikkje dei spursmåli som me vestlege ynskjer å få svar på. Når dei kjem attende til Reuters-bunkeren i den grøne sona med råmateriale sitt, er det dessutan ein vestleg nyhendeleidar som set det heile i hop til ein reportasje. Sakene vert soleides sett i hop av folk som sjølve ikkje hev vore der og sett kva som eigenleg gjeng seg.

Kor grusam krigen i Irak eigenleg

er, vert fjernsyns-sjåarane som regel skåna frå å få sjå. 28. februar 2005 vart Bagdad råka av den verste bombeeksplosjonen so langt, ei bil-bomba eksploderte i ei handlegata og 135 menneske vart drepne. I "The hidden story" fær ein sjå blodige og maltrakterte menneske som ligg strøydd yver alt, og yverlivande som må plukka upp restane etter venene sine. Men desse upptaki kom aldri til vestlege fjernsyns-skjermar. Sidan den gongen hev det vore meir enn 1000 bombeåtak frå terroristar i Irak. Dagleg vert eit 30-tals menneske drepne i den borgarkrigsliknande konflikten i Irak, men det hev halde på so lenge no at det hev ikkje nyhendeverti ein gong.

Ein lokal irakisk journalist oppsummerar at det fårlegaste av alt er å freista vera nøytral. Dei journalistane som tek parti, kann fylgja godt væpna soldatar og få presentert det den eine parten ynskjer å syna dei. Men dei som ynskjer vera objektive og ynskjer å leita fram til informasjon på eigi hand, er eit mål for alle slags fraksjonar og grupper.

Som eit døme på det siste kann eg nemna ein kvinneleg Al Arabiya-journalist som i lang tid hadde levert gode og grundige

reportasjar frå heimetraktene sine. Dette hadde tydelegvis nokre av dei militante gruppe set seg leide av, for ein dag ho var heime i Samarra, kom ei gruppa væpna terroristar etter henne og plaffa ned både henne og kameramannen hennar. Då venene hennar skulde fylgja henne til gravi, kom jamvel gravfylgjet ut for eit nytt åtak frå dei same terroristane. Ein av journalistane som var med i gravferdi fekk det heile med på videotape, og som fylgja av det vart han den neste på lista yver journalistar som skulde takast av dage. Men til lukka greidde han å koma seg ut or Irak i tide.

Røyndomen er soleis slik at journalistane som rapporterar på telefon frå Bagdad til vestlege TV-studio, like godt kunde site i studio her heime og fortalt oss det same herifrå. Den grøne sona i Bagdad er mest like skjerna frå røyndomen i Irak som resten av den vestlege verdi er det. Dei fleste vestlege journalistane hev aldri vore ute i felten åleine og sett kva som skjer, og dei veit soleis ikkje noko meir enn det dei er vortne fortalde av andre. Tenk på det, neste gong du ser på Dagsrevyen eller TV2-nyhendi.

Frostfull daudmetall frå Finland

Av Lars Moe

Immortal Souls,
"Winterreich",
Dark Balance, 2007.

Ei plata som eg ikkje hev høyrd vorti umtala på heavymetal.no eller nokon annan norsk musikknetstad er "Winterreich" frå 2007 - med det finske metalbandet Immortal Souls. Heng det i hop med at dei er eit kristenrockeband, tru? Sist gong eg høyrde um dei på norsk var i alle fall i det no nedlagde kristne musikkbladet Treff, og det må vera minst ti år sidan, trur eg. Kor som er, det er ingen grunn til å ignorera Immortal Souls for oss som er ein smule interesserte i hardrock. Bandet hev halde det gåande sidan tidleg 90-tal og er berre vortne betre og betre. Gruppa er sumtid vorti skildra som "the best kept secret from the underground of the cold north".

Immortal Souls spelar skandinavisk daudmetall av det slaget som ofta er vorte umtala som Gøteborg-metal. Um namn som In

Flames og At The Gates segjer deg noko, so er det der landet ligg. Men kanskje aller mest kann dei jamførast med eit anna finsk band, Children of Bodom.

Det er ingen dårlege melodiar på "Winterreich", berre meir eller mindre gode. Opningssporet "Nightfrost" er rett på sak - med brutalt gitararbeid, harske vokalar og dundrande blastbeats. Og slik held det fram i låt etter låt, kjapt og catchy, og alltid med òen eller fleire friske gitarsoloar. Temaet i tekstene deira er jamt og samt refleksjonar yver deira eigi kristentru, men der motivi er tekne frå den barske nordiske vinteren, som ein kann høyra frå titlar som "Nightfrost", "Frozen inside", "Icon of ice", "Heart of cold", "Winter of my discontent" og "Winterreich".

"Winterreich" er ei heilt topp plata for alle som tykkjer vel um melodios daudmetall. Likevel so skal eg ikkje segja at dette er ei særskilt original utgjeving, til det minnar materialet og tematikken litt for mykje um tidlegare



utgjevingar frå ymse andre band som eg alt hev nemnt. Men når det er sagt so veit du kva du fær eg og kann lova deg at det fungerer bra. Med "Winterreich" hev Immortal Souls synt at dei meistarar daudmetallhandverket til fingerspissane, og hadde "Winterreich" kome ut for ti-femtan år sidan skulde eg ha gjeve deim terningkast seks. No vil eg helder nøgja meg med å konstatera at for dei som er interesserte i å høyra skandinavisk daudmetall med den gode gamle nittitalstjoden, so er det Immortal Souls som leverar varone nett no.

Ytre geologiske prosessar

Av Kenneth Kiplesund

Innleiing

I denne artikkelen vil eg fyrst gjera greida for ulike ytre prosessar som gjer seg gjeldande i Noreg. So vil eg gjera meir detaljert greida for korleides isen hev arbeidt og framleis arbeider i Noreg. Eg vil deretter gjeva ei stutt skildring av landskapet i Volda på Sunnmøre. Eg vil her gjera greide for dei ytre kreftene som hev vore med på å forma landskapet der, og kva former dei hev skapt.

Ytre krefter som gjer seg gjeldande i Noreg er *forvitring, vatn, is, hav og vind*.

Forvitring

Eit fjell er sett i hop av partiklar av ulike mineral. Når desse partiklane vert oppvarma av soli, utvidar dei seg ulikt. Um natti vert fjellet avkolna, dette fører til at partiklane dreg seg saman. Resultatet av dette vert med kvart at fjellet sprikk. Dette kallar me solspengjing. Når vèret er råmt, vert desse småe sprikkone fylde med regnvatn, dogg eller sjosprøyt. Frys dette vatnet til is, sprikk fjellet endå meir upp. Dette skjer av di vatnet hev utvida seg gjennom frost. Massen vert soleides større, og sprengjer upp fjellet. Dette kallar me frostsprengjing. Eit anna døme er at røter kann trengja seg inn i porar i fjellet. Desse røtene svell upp når dei vert fylde med vatn. Det fører til at fjellet sprikk endå meir. Desse formene for forvitring hev samnemningi mekanisk forvitring.

Solsprengjing er vanleg på stader med mykje ørken (men det er ikkje avgrensa til ørkenstrøk), der det er store skilnader på dag- og nattemperaturen. Frostsprengjing er det mest av der det er eit kaldt klima, med store temperatursvingingar kring frysepunktet.

Den nedbrjotingi av berget som skjer med di mineralpartiklane reagerer kjemisk med vatn, oksygenet i lufti eller andre kjemiske stoff, kallar me kjemisk forvitring. Denne typen er vanlegast i råmt og varmt klima.

Resultatet av forvitringi er at det vert produsert materiale (t.d. leire, sand og grus) som dei hine ytre kreftene tek med seg.

Vatn

Vatnet kann *"rive opp overflata, grave djupe grøfter og frakte med seg jord og andre lausmassar"* (Dolve m.fl. 1990: 150). Faguttrykket for dette er erosjon. Erosjon fører til at jordyta vert nedtærd. Dette er det dei ytre kreftene som stend for. *"Erosjonen fører til at det dannar seg lausmassar, som leire, sand og grus."* (Karlsen & Lømo 2001: 17).

Bekkar og elvar tek med seg lausmateriale, dette fungerer som graveidskappar. Slik grev elvi seg ned i landskapet. Med kvart som elvi grev seg djupare ned, tek ho med seg masse frå elveskråningane. Denne massen tek ho med seg vidare. Ein dal som er forma av rennande vatn vert kalla ein V-dal. Dette er for skuld at den fær eit v-forma tverrsnitt av elvi. På fjell grev elvi seg rett nedover, *"men dersom fjellet er hardt, kan sidene bli ståande slik at det lagar seg eit bratt gjel med loddrette vegger, ein canyon"* (Dolve m.fl. 1990: 150).

Det er breiddeelvar og elvar der det er mykje leira som tek med seg mest lausmassar. Stein og grus vert førde langsmed botnen av elvi. Dette kallar me botntransport. Dette vert lagt att nedover elvi som elvebankar. Dersom det er meir grus og stein enn elvi klarar å føra vidare, *"blir noko liggjande i elveløpet. Elvebotnen byggjer seg opp, og elva deler seg etter kvart i fleire løp. Det utviklar seg eit forgreina løpsmønster; noko som er typisk for elvar med stor botntransport"* (Karlsen & Lømo 2001: 114-115). Eit meandermønster fær me der elvi renn i sand: *"I meanderløpet eroderer elva i yttersvingane og set av materiale i innersvingane. På den måten flyttar elveløpet seg frå side til side i dalbotnen. Elvesvingar som blir kutta av, blir liggjande att som kroksjøar. Kroksjøane blir med tida fylte med flaumsetningar og gror att."*

Der farten i vasstraumen minkar, vert det sett av lausmassar. Dette fører til at det vert liggjande att stein og grus i elveløpet, og etter kvart deler elva seg i stadig nye løp. Avsetjingane får ei vifteform, og ei slik grusvifte kallar vi ei elvevifte. (...) Når flaumstore elvar går over breiddene, minkar også farten brått, og elva set av materiale. Sand og grus blir avsett ved sida av elveløpet og byggjer opp elvevollar. (...) Leire og finsand blir ført lenger avgarde med flaumvatnet og blir avsett på elvesletta" (Karlsen & Lømo 2001: 118-119). Eit delta fær me der elvi renn ut i ein innsjø eller i havet.

Is

Isbredar hev innverknad på landskapet, dei med. Ein isbre grev i heile breiddi si. Stein vert slite laus frå underlaget, noko som fører til at stein og grus dett ned på breiden frå fjellsidone. Mesteparten av steinen samlar seg i botnen av isen, det vert mindre stein di lenger oppover i breen du fer. *"Stein som har frose fast i botnen av breen, blir pressa ned*

mot berget med eit veldig trykk, og sliper og skurar. Riper i berget som har laga seg på denne måten, kallar vi skuringsstriper". (Dolve m.fl. 1990: 151)

Med kvart som ein isbre fyller heile dalen, grev han ut U-dalar. Slike dalar hev flat botn og bratte sidor. Desse dalane hev eit etter måten regelrett tverrsnitt, lengdesnittet er *"usymmetrisk med tersklar og fordjupingar"* (Dolve m.fl. 1990: 151). Grunnen til dette er at *"isen grev mest der han er tjukkast"* (Dolve m.fl. 1990: 151). Di tjukkare isen er, di kraftigare vert graveevna.

Når isen vert burte, vert fordjupingane fylde av innsjøar. Desse er som regel lange og smale, og djupe. Desse innsjøane vert kalla fjordsjøar. Dei kjende norske fjordane er faktisk U-dalar der havet gjeng inn.

Ein isbred kann trengja undan vatnet, og grava langs botnen av ein sjø eller fjord. *"Dette er grunnlaget for mykje av det fjord og innsjølandskapet vi har. Ytst i dei norske fjordane finn vi ofte ein markert terskel. Lenger inne i fjordane, særleg der fleire fjordarmar møtest, kan sjødjupna vere fleire hundre meter"* (Dolve m.fl. 1990: 152). Terskelen kjem av avsmeltingi åt bredtunga. Dette gjer graveevna mindre. *"Lengst ute blir tunga så tynn at ho flyt opp. Delar av tunga brest, kalvar, og driv vekk som isfjell"* (Dolve m.fl. 1990: 151).

"Smeltevatnet på ein bre følgjer sprekkene ned i isen" (Dolve m.fl. 1990: 151). Vatnet samlar seg etter kvart unde breen *"og kjem fram i dagen gjennom ei opning, breporten, nedst ved brefronten."* (Dolve m.fl. 1990: 151). Dette vatnet hev med seg mykje lausmateriale. *"Når fallet minkar nedanfor breen, avleirar dette materialet seg sortert som anna elvetransportert materiale."* (Dolve m.fl. 1990: 151). Dette kallar me bredelavleiringar. Dette hev havt mykje å segja i Noreg. *"Under avsmeltingsperioden mot slutten av siste istid bygde breelvane fleire stader opp store avleiringar i form av breelvdelta i innsjøar eller havbukter. Som i eit anna delta blir sand og grus avsette utover deltaet i nesten vassrette lag, mens ytterkanten skrånar bratt ned. Dei minste partiklane blir avsette som finsand og leire utanfor deltaet, på botnen av innsjøen eller fjorden."* (Dolve m.fl. 1990: 152 & 154).

Hav

Kystlandskapet som Noreg er so rikt på, vert millom anna forma av havet. Bylgjone gjer minst verknad der det er langgrunt, der vert dei bremsa upp. Men der det er bratte kystar

med mykje vatn, vert verknaden mykje større. Bylgjone slær då rett på fjellet. Effekta vert enda kraftigare "når luft med stor kraft blir pressa inn i sprekkar i fjellet" (Dolve m.fl. 1990: 154). Frostsprenging verkar inn her med, og resultatet av dette vert ofte klyfter og holer. Dette gjeld "særleg der det er sprekksoner og lausare bergartar" (Dolve m.fl. 1990: 154)

Kysten vert jamna ut dersom "hav og land ligg i ro i høve til kvarandre" (Dolve m.fl. 1990: 154). Me fær det me kallar ein utjamningskyst. Dette skjer "ved at havet tærer på utstikkande oddar, mens lausmateriale som havet transporterer, fyller att bukter eller avleirar seg som tangar framfor bukten" (Dolve m.fl. 1990: 154).

Vind

Vinden er ikkje nokon viktig formar av det norske landskapet. Men me kann finna nokre spor etter honom, sanddynone:

"Under avsmeltinga etter dei store istidene på den nordlege halvkula vart enorme mengder finknust steinmasse transportert bort med vatnet. Over den store breen låg det eit stabilt høgtrykk, og kald vind strøymde ned frå breen, tørka opp landet mot sør og aust og tok med seg steinstøvet. I det som no er Europa, vart dette materialet avsett der det fanst noko vegetasjon som kunne fange opp partiklane" (Dolve m.fl. 1990: 155).

Isen sitt arbeid

Isbreiden tek med seg morène (lausmassar). Når isen smeltar, vert morenen liggjande att oppå berggrunnen. Dette kallar me botnmorene. Dersom isen tek seg upp att, "skyv brefronten botnmorenen føre seg. Der framrykkinga stoppar, dannar det seg ein endemorene" (Karlsen & Lømo 2001: 93). Langs kantane gjeng det fyre seg erosjon, og slik vert det dana sidemorenar. Midtmorenar fær me når to bredearmar møter kvarandre.

Den mest vanlege jordarten i Noreg er morenejord. Dette hev isen "produsert". Som nemnt tidlegare, sorterar elvane ut lausmassane kvar for seg. Dette gjer ikkje isbreen. Denne usorterte morenejordi er rik på råme, og særleg god dyrkingsjord fær me av jordlagi åt leirskifer og kalkstein. Desse bergartane inneheld mykje kalk, som er eit godt plantenæringsstoff.

Mange av dei flotte fjelli me hev i Noreg, er dana av botnbreiar. Dette gjeld fjell som er ein part av de me kallar alpine landskap. Dette landskapet hev kome til ved at "botnbreane grev seg inn i eit fjellmassiv frå fleire sider samtidig" (Karlsen & Lømo 2001: 96). Resultatet av dette vert "isolerte



Volda med Rotsethornet i bakgrunnen. Kjelda: Wikimedia Commons.

tindar og smale egger". Dette er eit vanleg landskap i Alpane, difor hev det fenge namnet alpint landskap.

Dei djupe dalane og fjordane våre ber vitnemål um kor kraftig breiden hev erodert vekk landyta. Dette hende under kvartærperioden, då var det var ei rad istider.

Ein dal kann ha etter måten mange sidedalar. Isen i hovuddalen var tjukkast, og erosjonen hev difor vore størst her. I sidedalane hev det vore mindre erosjon. Slike dalar kallar me hangande dalar.

Ein dal er ikkje like breid heile vegen. Der straumar frå sidedalane kjem inn i hovuddalen, verkar erosjonen sterkt.

Landskapet i Volda

Volda hev tvo djupe fjordar, Voldsfjorden og Dalsfjorden. Ikring desse fjordane er det høge fjell. Folk bur spreidd i små og store grender langs desse fjordane.

Når det gjeld bergartar, er Volda merkt av harde gneisbergartar. Desse er sette i hop av feltspat, kvarts, glimmer og amfibol. Marmor, olivin og ekolitt finn me òg litt av. Volda er merkt av eit alpint landskap, med høge tindar og djupe botnar. Tronge dalar er òg eit kjenneteikn ved Voldalandskapet.

Morenejord er det ein finn mest av, og dette jordsmonnslaget kann lokaliserast til dalbotnane. I lidsidone er det mest lauvskog, i dalsidone finn me mest furu. Mange stader er det planta gran.

"Volda sentrum ligger ved Voldsfjorden og i enden av en vid dal som er omkranset av fjelltopper, mange på over 1000 meter over havet. I de sørvendte fjellsidene er det boligområder, mens i de nordvendte sidene vokser granskogen stor og mektig. Dalbunnen kan visuelt deles inn i to nivåer. På laveste nivået ved fjorden ligger sentrum, mens på nivået 50 meter over havet ligger Rotevatnet. Fra Rotevatnet slynger Øyraelva seg nedover gjennom Elvadalen mot Voldsfjorden" (Ukjend 1987 (?): 2-3).

Under istidi var Volda dekt av is. Då innlandsisen smelta, gjekk breen fram til

Halkjelsvik (Volda sentrum) - Folkestad. "Breen kom gjennom dalføret der Rotevatnet ligger i dag. Enten var breen en arm av Austeffjordsbreen eller en lokal bre fra Kopperfjellet" (Ukjend 1987 (?): 3).

Voldsfjorden og Dalsfjorden er drukna U-dalar. Slike finst "berre i område som har vore nedisa" (Karlsen & Lømo 2001: 110). U-dalar hev vorte skapte med di isen eroderte i dalbotnen og i dalsidone: "Isen kutta svingane i elvedalane som var danna før istidene, og gjorde dalane rettare" (Karlsen & Lømo 2001: 110).

Den nemnde breiden hev grave ut ei fordjupning, og Rotevatnet ligg i denne fordjupningi. Breiden drog seg attende med kvart, og det var avsett morenemateriell. "Bredeelveene førde med seg morenemateriell og avsatte sedimentene ved breelvpporten. Der isen sto lenge ble israndedelta dannet. I dalen nedenfor Rotevatnet (Elvadalen) hadde isen tre trinn før den før den ble liggende ved brefronten der Rotevatnet er i dag." (Ukjend 1987 (?): 4). Frå desse stegi hev me fenge terrassar, som merkar seg ut i landskapet.

Isen låg framfor Rotevatnet ved slutten av istidi. "Øyraelva har skåret seg gjennom morenene, og etter hvert gjennom sedimentene og til fast fjell." (Ukjend 1987 (?): 4).

Kjeldor

Dolve, Knut m.fl. (1990): Geografiboka Oslo: Det Norske Samlaget
Karlsen, Ole G. & Aase Lømo (2001): Terra nova Oslo: Aschehough
Ukjend forfattar (1987 ?): Semesteroppgave om Øyraelva Volda: Høgskulen i Volda, avd. for lærarutdanning.

Styd Målmannen!

Bladpengar og gåvor frå tingarane er livsavgjeringande for eit blad som vårt.

Giro er stifta inn i bladet.

Kva gjorde Siv Jensen på Bilderberger-møtet?

Av Olav Torheim

Endgame

-Blueprint for global enslavement,

Alex Jones Productions,

<http://endgamethemovie.com>,

2007


Dokumentarfilmen *Endgame* startar med eit skrekkscenario frå nær framtid der jordi er dominert av ei sams regjering for heile verdi. Tidlegare frie nasjonar er underlagde ein diktatorisk fåmeint elite. Storparten av folkesetnaden på jordi er stengde inne i militærstyrde megabyar som atter er kopla saman via eit nettverk av avstengde motorvegar. Planeten er kort og godt umgjord til eit einaste stort fengsel - planet-prison, som regissøren Alex Jones kallar det.

Regissøren Alex Jones hev upp gjennom åri produsert ei rad filmar der temaet er krig, terrorisme og globalisering. I denne siste produksjonen set han fyrst og fremst fokus på den løyndomsfulle Bilderberger-konferansen, ein konferanse som kvart år samlar internasjonale toppolitikarar og finansfolk til samrøder attum stengde dører.

Kva er so agendaen åt dei som stend attum Bilderberger-møti? Slik Alex Jones og ei rad andre kritikarar ser det, so handlar det um å skipa ei verdsregjering. Målsetnaden åt den globale makteliten som stend attum Bilderberger-konferansane er ikkje mindre enn fullstendig kontroll yver heile planeten, og då må alle sjølvstendige einingar - anten det no gjeld nasjonar, familiar eller sjølvstendig tenkjande einskildmenneske - rydjust burt.

Det fyrste Bilderberger-møtet vart halde i 1954, på eit møte på Hotel Bilderberg i Oosterbek i Nederland. Forumet hev henta namnet sitt derifrå. Bilderberger-gruppa er på toppen av ei rad ulike roundtable-grupper yver heile verdi (pyramide). Kvart år vert gjestene til Bilderberger-møti inviterte, og lista yver gjestene hev dei seinaste åri leke ut. Det er ein klår indikator på kven som er dei mektigaste politikarane i verdi. 120 av dei mektigaste menneski i verdi, politikarar og finansfolk.

Fram til midten av 1980-talet vart ikkje Bilderberger-gruppa nemnd i media i det heile. Fram til seint 90-tal vart møti berre nemnde i småe notisar, men med framvoksteren av alternative media er dette byrja endra seg.



Kvart fjorde år møtest dei i Nord-Amerika, og juni 2006 var dei i Ottawa i Canada. Gjennom åri hev journalistar som hev freista dekkja møti vortne trakasserte, haldne att og jamvel vortne fengsla. Alex Jones vert sjølv halden att på flyplassen i det han kjem til Canada, men han kjem seg vidare. Og i staden for å møta fram utanfor hotellet klokka 0800 når møtet offisielt tek til, so møter Alex Jones fram alt i tri-tidi um natti for å sjå um dei kann knipsa nokon av dei prominente gjestene i det dei er på veg inn.

Møtet vert hovudsaklegt kontrollert av private tryggjingsvakter, som ter seg som um dei var politifolk. Tryggjingsvaktene ter seg trugande mot journalistar som stend utanfor og filmar, og fær klår melding um å ikkje nærma seg hotellet.

Politikarane vert køyrde inn i fine bilar med sota glas. Mange bilar køyrde rett ned i undergrunnsгарasjen og gjestene vart tekne upp derifrå, men ikkje alle. I det dei stig ut or bilane og smett inn i hotellet vert dei knipsa. Ei rad namn på ulike latinerikanske politikarar sprett fram, namn som eg ikkje hev høyrtdidlegare, men brått sprett det fram, Siv Jensen!

Andre kjende personar som var

med på Bilderberger-møtet i 2006 var til dømes Carl Bildt, Richard Holbrooke, Henry Kissinger, David Rockefeller, Paul Wolfowitz og dronning Beatrix av Nederland. Jurgen Schrepp, direktør for Daimler Chrysler, kjem til møtet i helikopter. Og Hillary Clinton skal ha vore til stades ein av dagane, ho med. Sidan det i mange land, USA inkludert, er ulovlegt for offentlege tenestemenn å møta representantar for utanlandske styresmakter i løynd, er mange framstående politikarar med på Bilderberger-møti utan at namnet deira er med på deltakarlista. Dette gjeld til dømes Paul Wolfowitz, som skal ha vore på tidlegare møte samstundes med at han var assisterande forsvarsminister.

Deltakarane kann ikkje fortelja nokon ting um det som hende på møti. Dei skal låst som um dei ikkje kjenner dei som dei hev møtt på møti. Dei vert truga med at dei ikkje fær seg jobb nokon stad um dei snakkar ut.

Bill Clinton, Tony Blair, Bush senior osv. er alle døme på personar som vart inviterte med på Bilderberger-møte i god tid fyre dei vart statsleidarar. Å verta plukka ut til å vera med på Bilderberger-møte er soleides ein god indikator på kva slags politikarar den globale eliten meiner er på veg upp. Slik sèt vert det

terskilt interessant å sjå kva Siv Jensen kjem til å få til i tidi som kjem. Men kann verkeleg 120 serskilt inviterte vera nok til å koma vidare i arbeidet med å skipa ei verdsregjering? Det er faktisk det, for dei som organiserar Bilderberger-møti arbeider systematisk. Compartmentalization kallar ein det, dei plukkar ut sektorar og verksemdar som dei meiner er viktige, til dømes Verdsbanken, og innbyd lykjelpersonar derifrå.

På vegen fram mot verdsregjering arbeider den globale makteliten millom anna med å få skipa kontinentale superstatar. I Europa hev ein kome lengst med den europeiske unionen, men både amerikanske, asiatiske og afrikanske unionar er under utvikling. og framgangsmåten er allvegen den same. Fyrst byrjar ein med å skipa til rundebordskonferansar og skipa handelsorganisasjonar, som EEC og NAFTA, og dinæst gjeng prosessane vidare med stødt tettare integrasjon.

Som det kjem fram i dokumentarfilmen skal NAFTA utvidast til ein amerikansk union, på same måten som EEC vart til den europeiske unionen. Framgangsmåten er den same som då EU vart skipa, men no gjeng det mykje snøgare. I september 2006 kom det fram at folkevalde leidarar frå dei tri landi hadde møttest i løynd i Canada. Styresmaktene er seinare vortne pressa til å frigjera dokumenti frå det løynde møtet, etter at dei fyrst nekta - offisielt av di det gjekk på rikstryggleiken laus å fortelja kva som gjekk fyre seg. Dokument på tusundtals sidor syner no korleides det vart planlagt at desse landi skulde få ein sams politikk på umkverve som transport, lovgeving,

landbruk, bankverksemd, industri, utdanning, innvandring og militærstell. Og på same måten som i EU skal det heile skipast på reint byråkratisk vis - utan innverknad frå brysame folkevalde.

I 2004 vart det meldt at den aseatiske handelsorganisasjonen ASEAN hadde planar um å forma ein asiatisk union, med asiatiske og stillehavs-nasjonar. På same måten kom Den afrikanske unionen kom opp for nokre år sidan - som resultat av African Economic Community, sett opp tidleg på 1980-talet. Den afrikanske unionen er finansiert av eit konsertium av internasjonale organisasjonar og multinasjonale selskap. Som me ser er framgangsmåten den same yver alt, dei internasjonale superstatane vart bygde opp yver hovudet på folk med eit stødt meir samantve byråkratisk nettverk.

Samferdsel er lykjelen til å knyta regionar tettare i hop. For 2000 år sidan førde alle vegar til Rom. Meir enn 3200 kilometer med vegar vart bygde ut, og imperiet nytta vegane til å kontrollera korridorar og knyta samband millom folki dei styrde. Romarane kravde inn skattar frå dei som vilde nytta vegane, og skattane vart i næste umgang nytta til å halda dei okkuperte folki nede.

I dag er superhighways instrumentelle i å brjota ned nasjonalstatar, hævdar Alex Jones. Eit stort motorvegnettverk som tek til i Mexico og endar djupt inne i Canada er alt under oppføring. Størst er inngripi i Texas, der heimar vert eksproprierte for å gjeva plass åt supermotorvegen, Trans-Texas-korridoren. Meir enn 8000 miles i Texas hev vorte gjeve burt til utanlandske entre-

prenørselskap. Dei nye vegane vert bompengefinansierte - ikkje fyrst og fremst til å tena inn att det vegbyggjngi i USA kostar, men til å byggja ut vegane vidare i Mexico og Canada. Jamvel eksisterande vegar som det alt er lagde ut for er vortne selde til dei utanlandske firmar - og bilistane lyt ut med bompengar endå ein gong. Og dei same firmar som byggjer vegane hev kaupt opp avisor i stamvegnetet og soleides fenge kritikken mot utbyggjngi til å stilna. I alt er det tala um so mykje som eit 40-50-tals avisor.

I det nye vegnetet vert avkøyringsvegar til småbyar stengde ute, og vert med det umdana til spøkjelsesbyar, med di dei vert avskorne frå samferdselen. I Alex Jones sitt skrekksenario skal desse territoria på sikt umdanast til folketome naturreservat - offisielt under dekkje av miljøvernumsyn, men i røyndi med det fyremålet at yverklassen skal få njota livet i ro og fred ute på den avfolka landsbygdi. Alt medan folkefleirtalet er stengde inne i kontrollnettverket - megabyane i motorvegnetet.

Kann det verkelegt vera so ille som Alex Jones og andre kritikarar vil ha det til? Ein ting er sikkert: So lenge internasjonale toppolitikarar held fram å møtast i løynd, og korkje kann sanna eller avsanna kva det er som eigenleg gjekk fyre seg, kann ikkje me hine gjera anna enn å spekulera. Kva var det du gjorde på Bilderberger-møtet, Siv Jensen? At både Jens Stoltenberg og Kjell Magne Bondevik hev vore der fyre deg, det er ikkje vandt å skyna, men eg trudde at Framstegspartiet marknadsførde seg som eit parti som hævdar seg å fremja einskildmennesket sin fridom?

Punkbandet Haggis slær til endå ein gong

Av Lars Moe

Det Stavanger-baserte punkbandet Haggis er ute med ny plata, "Nation of fools". "Nation of fools" kjem ut på meksikanske BFF Records, og dette er det tridje plateselskapet som gruppa hev gjort kontrakt med.

Nett som tidlegare fær me servert ei blanding av brutal punk, rock og metal, og med tekster som sparkar i alle leier og med takk for sist til kritikarar av ymist slag, men det er kanskje vorte hakket meir melodiest enn tidlegare? Eg tykkjer dessutan at dei hev fenge ein klårare og reinare produksjon, men utan at nerven i det tidlegare so rå og upolerte ljudbiletet er vorten burte med

det, slik det so lett vert til. Attåt nytt materiale er det dessutan teke med nokre live-opptak frå ein konsert i USA, millom anna med den allsong-venlege "The vikings are coming".

Haggis hev vore aktive i meir enn ti år no, men det var fyrst i 2003 at dei debuterte på eit belgisk plateselskap. Det festlege plateumslaget på debutplata "Stormtroopers of hate" var ei venetenesta frå den kjende teiknaren Kristoffer Nielsen.

Ottar Stangeland, som er frontfigur i Haggis, er eit kjent namn i Stavanger sitt musikkmiljø. Han er millom anna drivkraft i suksessfylde Stavanger

Punkrockfestival som plar draga mange kjende namn til byen. Det vekte dessutan åtgaum at medlemene i Haggis freista få til konsert med det kontroversielle vikingrockebandet Ultima Thule.

Som ein kann sjå frå til dømes videoar på Youtube so hev Haggis vore flinke til å profilera seg sjølve med norske flagg og politisk ukorrekte tekstar, og dette hev sjølvsagt vekt reaksjonar frå personar og grupper som hev skulda deim for både eine og hitt. Andre hev tolka det heile som rein humor. Sjølve segjer dei at dei er norske patriotar, og mest sannsynleg er dei nok nett det - men med ein god porisjon sjølvironi.

Avskip paragraf 93!

Av Olav Torheim

Torsdag den 10. januar i år røysta Stortinget yver eit grunnlovsframlegg um å brigda grunnlovsparagraf 93 slik at det ikkje lenger trongst 3/4 fleirtal på Stortinget for å kunna melda Noreg inn i EU. I staden skulde det vera nok med 2/3 fleirtal etter at det fyrst var halde ei folk-erøysting der 50,1 prosent av dei fram-møtte sagde ja til norsk EU-medlemskap. Berre nokre fåe dagar fyre røystingi skulde haldast var det likt til at alle ja-partii på Stortinget, AP, H og FRP, kom til å stydja framlegget, og dei vilde jamvel binda nei-representantane sine til å røysta for framlegget. Med mindre dei stortingsrepresentantane som var nei-folk valde å trassa partileidingi, var det solei-des likt til at framlegget kom til å gå igjennom, og Noreg var med det kome endå eit steg nærare snikinnmelding i EU.

Problemet var berre det at Nei Til EU fyre stortingsvalet i 2005 hadde spurt ut alle stortingsrepresentantane i AP og Frp um dei kom til å røysta for eller mot endring i paragraf 93. Og her hadde flestalle EU-motstandarane i dei nemnde partii lova veljarane sine at dei kom til å røysta imot eit sovore framlegg. Og etter nokre nervepirrande dagar - der nei-representantane i AP skreiv brev til partileidingi med audmjuk bøn um lov til å røysta imot det nemnde framlegget - enda det likevel med at det ikkje vart fleirtal for å brigda paragraf 93.

Me som vil ha eit norskt Noreg kann soleides pusta letta ut, um enn berre i denne umgangen. For arkitekten attum framlegget, Inge Lønning, hev alt varsla at han kjem til å reisa framlegget endå ein gong for neste storting, og slik skal det nok halda fram - heilt til eit stort nok fleirtal let seg lura - eller kjøpa - til å stella seg attum framlegget.

Det var bra at representantane frå AP og Frp fekk lov til å røysta nei - men det er ikkje godt nok! At dei nemnde nei-representantane i det heile laut spyrra um lov til å røysta nei, syner at lojaliteten deira er til eit politisk parti som dei skal gjera karriere i, og ikkje til fedrelandet Noreg. AP-representanten Bendik H. Arnesen, som i eit intervju med Klassekampen slo fast at han kom til å røysta nei kor som er, er etter mitt syn den einaste av EU-motstandarane i ja-partii som stend att med integritet etter

dette.

Det EU-motstandarane på Stortinget burde gjera framlegg um, um det var litt tak i dei, var å gå inn for avskipping av heile paragraf 93. Heile denne paragrafen er ein einaste stor freistnad på å selja ut Noreg til styringskåte EU-byråkratar og internasjonal storkapital. Alle som stend på ja-sida i EU-kampen veit veldig godt at dei aldri hadde greidd å melda Noreg inn i EU dersom dei laut gå um eit grunnlovsframlegg som trong 3/4 fleirtal. Difor skal dei i staden snika seg til med folk-erøysting der millionar skal pøstast inn i ein hektisk valkamp for å få eit snaudt fleirtal til å lata seg lura denne eine dagen.

I ordsiftet som gjekk fyre seg fyre stortingsrepresentantane gjekk til røysting, og som alle interesserte kunde fylgja direkte frå stortingssalen på web-tv, kom det fram at dei same personane som tala varmt for å brigda fleirtalskravet frå 3/4 til 2/3 etter ei folkerøysting med 50,1 prosents fleirtal - var like sterkt imot Senterpartiet sitt grunnlovsframlegg um å innføra obligatorisk rådgjevande folk-erøysting i paragraf 93-relevante spursmål. Denne observasjonen er interessant, av di han viser at ja-sida einast er interesserte i å spyrra folket til råds når dei er trygge på at dei kann få ja-svar. Dersom dei ikkje er i stand til å få 3/4 fleirtal beinveges, vil dei gå vegen um ei rådgjevande folkerøysting som gjev dei høve til å gjera det same vedtaket med berre 2/3 fleirtal. Men um folket er imot å gjeva frå seg suverenitet, skal ikkje folket spyrrast til råds i det heile teke.

Døme på det siste er EØS-kuppet i 1992, då paragraf 93 for fyrste og so langt siste gongen vart nytta til å melda oss inn i EØS - eit EØS som var meir umfemnande enn det EF som folket sagde nei til i 1972. Då vedtaket um å melda Noreg inn i EØS vart gjort, synte meiningsmælingane at eit fleirtal av folket var imot. Og ved valet i 1993, året etter, hadde nei-sida so mange representantar inne at dei hadde greidd å blokkera EØS-avtala um vedtaket hadde vorte utsett til neste stortingsperioden. Og dette er det viktugt å få fram, for i 1989 sagde Gro Harlem Brundtland at det var valet i 1993 som skulde verta "EF-valet", og at saki ikkje var aktuell i stortingspe-

rioden fyre det.

Ei onnor sak er det at det neppe er lovlegt å nytta paragraf 93 til å melda Noreg inn i EU kor som er, sidan denne paragrafen er til for å avgjeva suverenitet på eit saklegt avgrensa umkverve, og den europeiske unionen er langt frå saklegt avgrensa, men tvert um heilt uavgrensa i alt det han skal blanda seg upp i. Jussprofessor Ståle Eskeland skriv til dømes i Aftenposten 6/1-08: *"En innmelding i EU innebærer en vidtrekkende og uklart avgrenset avståelse av norsk suverenitet, som går langt utover det som § 93 tillater. Herav følger at norsk innmelding i EU bare kan skje ved endring av Grunnloven."*

Kva er det eg vil fram til? Jau, frå ja-folki si sida vert det hævda at "spelereglane" for EU-spursmål vart lagde i 1962, då paragraf 93 vart innført. Inge Lønning & co si tolking av vedtaki som vart gjorde den gongen var at det hev vorte ein sedvane at ein skal gå um folk-erøysting, etterfylgd av stortingsvedtak um suverenitetsavståing i samsvar med paragraf 93. Men den einaste gongen som paragraf 93 er vorten nytta i norsk historie, nekta EU-tilhengjarane å spyrra folket til råds. Og når Senterpartiet seinare gjer framlegg um å grunnlovsfesta den "sedvaneretten" med folk-erøysting som Lønning hævdar er vorten etablert, so er dei i mot det òg. Det er i Noreg som det er i Europa elles i EU-spursmålet: Folket skal einast spyrrast til råds, når ein er tollegt sikre på eit ja-svar.

Handlefridomen åt ja-sida vert med dette maksimalisert. Men ein fyre-setnad for heile spelet deira hev allvegen vore å hindra at EU-saki vert ei valkamp-sak, sidan det hadde ført fleire EU-motstandarar inn på tinget og dimed blokkert framstøytar som EØS-kuppet i 1992, for ikkje å snakka um dei tallause EU-direktivi som sidan er vortne norsk lov. EU er ikkje viktugt i valkampen, for det skal kor som er avgjerast av ei folkerøysting, segjer politikarar frå AP på den eine sida til Frp på hi. Nett difor svarar eg at me bør kutta ut heile paragraf 93 og returnera til den grunnlovi som me ein gong hadde. Då vert EU-tilhengjarane nøyddde til å taka ein strid med blanke våpen, og fylgja dei spelereglane som gjeld i eit representativt demokrati som det norske. Og det spørst det um dei torer.

Plasten si saga i Noreg

Av Lars Bjarne Marøy

Plasten hev vunne mykje fram i Noreg i tidi etter 1945 og fram til i dag. Det er vanskeleg å segja nett kva tid plasten slo heilt igjennom, for han kom inn på stødt nye felt. Det kan vera rimeleg å setja eit tidsskilje ved 1960. Fyre 1960 er plast-bruken etter måten moderat jamført med tidi etterpå. Det vilde vera for umfemnande å gå inn på alle dei omkvervi der plasten hev gjort seg gjeldande. Det vil òg vera for umfemnande å gå inn på ein heil historikk fram til våre dagar, men det let seg gjera å syna korleis plasten vart aktualisert på sume omkverve, og kva som førde fram til at han kom i almenn bruk. Nokre trender kan først fram til vår eigi tid.

Plast var ikkje og er ikkje berre eit einskilt stoff eller material. Innanfor samlenemningi plast kann ein snøgt finna ei rad stoff med ulike namn. Under den andre verdskrigen hadde det kome til nye plaststoff, og det gjekk fyre seg eit stort forskings- og utgreidingsarbeid i tilknytning til dei nye plaststoffi. Dei nye plaststoffi kalla ein for polymerar. Plaststoffi hadde i utgangspunktet vorte framstelde av ulike råmaterial, t.d. kol. Med kvart som ein tok i bruk store mengder olje og gass til produksjon av plast, kunde plasten ekspandera. Plasten er eit attåtprodukt til olja, og dersom det vert produsert mykje olja, vert det store mengder attåtprodukt. Generelt kunde ein segja at plasten litt etter litt gjorde seg gjeldande frå midten av 1950-talet.

2 Plast og modernisering

Modernisering vert bruka i samfundsvitenskapane som ei samlenemning for ulike kjenneteikn ved nye industrisamfund, motsetnaden er tradisjonalismen i



fyrrindustrielle samfund. I sosiologien hev det lange vore hevda at umfemnande brigde innanfor eit felt av samfundet, t.d. innanfor økonomi og arbeidsliv, vil krevja brigde på andre omkverve, som politikk, utdanning og familieliv. Eit kjenneteikn ved modernisering hev vore sosial differensiering, ei kulturell rasjonalitetsutvikling og auka tilgang på materielle ressursar. (Ashehoug og Gyldendals leksikon)

Spencer m.fl. hev utvikla ein modell um sosial endring der modernisering er eit lykjelord. Eg brukar ikkje denne teorien slavisk når eg skal sjå på plasten sin framvekst og utvikling, men eg tykkjer han kann segja noko meningsfullt. Spencer hev ein modell som legg vinn på evolusjon når han tek upp sosial endring. Han hevdar at endring skjer innanfrå. Det skjer grunnleggjande sèt eit skifte frå det greide, uspesialiserte og uformelle til det komplekse, spesialiserte og formelle. Spencers modell vert ein modell for modernisering innanfrå. Verdi vert sedd på som det som skaffar fram stimuli som lyt passast inn. Det tradisjonelle samfunnet og det moderne samfunnet vert sett på som antitetiske typar utfrå fylgjande linor:

1. I Det tradisjonelle samfundet

byggjer det sosiale hierarkiet på fødsel. Det førde med seg at den sosiale mobiliteten var låg. I eit moderne samfund er det sosiale hierarkiet i samfundet bygd på oppnådde resultat, og der er den sosiale mobiliteten høg. Skilnaden ovrar seg millom eit tradisjonelt samfund der alle kjenner alle og eit moderne samfund der ein utviklar eit upersonlegt samfund. Det tek ulike former i økonomi og politikk. I økonomien vert marknaden det moderne. I politikken vert det byråkratiet som vert dominerande. Møte millom menneske vert ikkje bytt ut med upersonlege system, men dei menneskelege møtestadene endrar seg. Dei vert målretta. Ein skipar ulike interesseorganisasjonar i eit moderne samfund.

2. Ein hev heilt ulike haldningar for ikkje å segja mentalitetar til endring i eit tradisjonelt samfund. Der det er lite endring, vert endring snaudt ansa på, og det vert ikkje sèt på som noko positivt. I eit moderne samfund derimot vert endring lagt godt merke til, og mange ynskjer endring. Institusjonar og idear vert jamvel vurderte som ute or si tid. Ein ser ei utvikling frå at "ny" vart sett på som noko sterkt negativt til at "ny" vert vurdert som noko svært positivt, noko som ein gjerne vil fremja. Det nye vert sèt på som ein reproduksjon av det tradisjonelle samfundet, men i eit moderne samfund ser ein på det nye som eit rom for prosjekt og trender.

3. Ei rad andre kontrastar kann nemnast. Kulturen i eit tradisjonelt samfund vert gjerne framsteld som religiøs, magisk og jamvel irrasjonell, medan kulturen i eit moderne samfund vert sett på som sekulær, rasjonell og vitskapleg. (P.Burke, 1992, History & Sosial Theory:



NYNORSK
ANTI-KVARIAT
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

Telefon 37 16 66 66

E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar

Arne-Ivar Kjerland

E-post: Arne-Ivar.Kjerland@

nynorskantikvariat.no

Mobil: 928 29 098

132-133.)

Når eg vil nytta Spencers modell, er eg merksam på at denne modellen hev vorte kritisert. Det kan likevel vera nyttig å finna ut kor langt ein kann gjera bruk av Spencers teori, og kvar han kjem til kort. Spencers modell hev vorte kritisert ut frå tri hovudlinor. For det fyrste hev det synt seg at saga ikkje er ein-lineær. Det vil segja at samfundet ikkje er ein einvegs-køyrd veg. Samfunnet treng ikkje å endra seg mot meir sentralisering, kompleksitet, spesialisering og so vidare. Umgrep som moderne og modernisering hev vorte nytta i og um etter måten mange historiske periodar. Likevel vil eg hevda at det er vanskeleg for ein historikar som må operera med lange tids-rom å skilja millom t.d. moderne og postmoderne. Det postmoderne hev vore nytta om perioden frå kring 1980 eller noko tidlegare.

For det andre vert Spencer kritisert for den måten han forklarar sosial endring på. Mange historikarar tvilar på at fyrestellingi um sosial endring kjem innifrå, og greinar seg ut som frå eit tre. Det vert hevda at det hadde vore rett, dersom ein kunde isolera eit samfunn frå resten av verdi. Men mange endringar kann tvert imot skje p.g.a møte millom ulike kulturar. Ein kan ikkje snakka berre om stimuli og tilmåtingar som er den einaste vektleggingi Spencer gjer på eksterne faktorar.

For det tredje vert Spencer kritisert for at han ikkje legg vinn på korleis sosial endring ber til. Sjølv endringsmekanismane vert ikkje fokuserte på av Spencer. Når det ikkje vert referert til endringar, fær ein ei falsk oppfatning av at ein hev med noko einlineært å gjera. Ein kann tenkja seg ut frå modellen at endringssprosessen gjeng fyre seg automatisk, steg for steg, som um samfundet berre gjekk inn i endringsmekanismen. Kritikken kann kanskje samanfatast i at sosial endring kann ovra seg i mangelineære former heller enn einlineære former. Det er meir enn ein veg fram til moderniteten. (ibid: 136-141) Eg vil som eg sa ikkje fylgja Spencer slavisk.

Eg meiner at det gjeng fyre seg ei modernisering frå um lag 1945 fram til 1970-talet og frametter mot i dag. Plasten spelar ei rolla i denne utviklingi. Tradisjonelle metalliske eller naturlege material vart utskifte med plast innanfor eit utal av område.

Generelt sett kann ein segja at plasten kom inn i staden for råstoff som fyrr hadde vorte framstelde av primærnæringane eller ved

bergverk/gruvedrift. Dette var material som hadde vore vanlege å nytta langt attende i fyrrindustriell tid. Nokre av desse materiali hadde vore nytta i hundrattals år. På 1950- og 1960-talet vart konvensjonelle material, t.d. av tre som hadde vore nytta til fiskelagring, bytte ut med plast. Det er grunn til å tru at innføringi av plasten fekk store fylgjor, og gav seg utslag i endringar på andre omkverve i samfundet. Plasten førde med andre ord til ei modernisering.

Kva kann ein definera som plast? Mange av oss vil vel i utgangspunktet knyta plast til posar og folie av plast, men plast er mykje meir. Ein kan avgrensa plastumgrepet :

Plast kan definerast som ei svært omfattande og variert gruppa ikkje-metalliske material. All plast inneheld ein harpiks eller polymerar som utgjer ein viktig part av plasten. Attåt dette inneheld dei ofte ei rad tilsetjingsstoff (hjelpstoff). Takk vera basisplasten eller fyrestadium av denne er det typisk for plasten at han i ein eller annan fase av produksjonen er flytande eller plastisk, slik at han kan formast til dei ynskjelege produkti. (Ashehoug og Gyldendals leksikon)

Plastråstoffindustrien yvertok i nokso stor mun for primærnæringsproducentane eller i det heile dei tradisjonelle produsentane. Påfallande tydeleg vart dette i Stjørdal der Nord Plasta etablerte seg rett etter krigen. Stjørdal er ei bygd i Sør-Trøndelag. Der vart det spissformulert sagt at bøndene på staden kjende seg lokka til å slutta på garden og starta på plastfabrikken i staden for. Det vart meir lønsamt å arbeida på fabrikkenn enn å satsa på gardsarbeid for sume. (T. Svendsen, 1997, Et ekte plasteventyr 1947-199, Stjørdal 1997: 13 og 14.) Den råstoffproduksjonen som tømmerhogst og dyreavl hadde stade for, kunde yvertakast av plastframstellarane. Heilt frå plasten stod fram som eit alternativ var det i utgangspunktet berre skaparevna, kombinert med risikoviljug kapital, som sette grensor. Me veit enno for lite um kor mykje dette hadde å segja t.d. for næringsutviklingi ålment. Plastindustrien hadde vel likevel ikkje all verdsens å segja. Det som var meir avgjerande var nye maskinor, motorar og elektronikk.

Vekst i sekundærnæringane

Når me seinare ev. skal sjå korleis plasten glid inn på fleire omkverve t.d. i fiskeindustrien, må dette sjåast i samanheng med heile den plastinnføringsprosessen som gjekk føre seg, fyrst og fremst i USA, men med kvart i heile Vest-Europa etter 1945.

Denne prosessen er vandsleg å gjera hundrad prosent greida for. Eg skal i denne fyrste bolken freista å gjeva eit bilete av kor altumfattande plasten hev vorte og er i samfundet pr. i dag.

I 1945 vil eg hevda at det norske samfundet var eit tradisjonelt samfund ut frå dei kjenneteikni Spencer legg vekt på. Det norske samfundet vart i dei fyrste åri etter 1945 sterkt industrialisert. Storparten av dei yrkjesaktive vart nokso snøgt sysselsette i sekundærnæringar. Sekundærnæringane gjekk fram, medan primærnæringane gjekk attende på 1950- og 1960-talet. (Grønlie, Grunntrekk i norsk histori, Oslo 1991 : 308) Perioden frå 1945 til 1973 var samstundes ei tid med sterk og stabil økonomisk vokster. Desse åri utgjorde ein samanhengande periode med økonomisk vokster. (ibid : 301-302)

Ein må kunna sjå ein samanheng millom det at etter måten store folkemengder flutte til byane frå landsbygdi og sysselsetjingsvoksteren i sekundærnæringane. Desse endringane i samfundet spela ei sentral rolla i å endra folk sin mentalitet. På 1940-talet var det bustadnaud. Det var vanskeleg å få seg tak yver hovudet, og mange laut bu i krisebustader i dei store byane. Det vart sett i gong ei sterk bustadbyggjing frå slutten av 1940-talet og frametter. Det vart reist ei rad bustader i bydelar eller omeignskommunar til dei største byane. Dette førde til at ein fekk bruk for transport til og frå arbeid og til og frå gjeremål i bykjernen. Ulike transportmidlar vart tekne meir i bruk. Mange fekk seg med kvart eigen bil. Bilen vart likevel ikkje allemannseiga fyrr i tidi millom 1960 og 1970. Flytrafikken og båttrafikken auka i same perioden.

Mange vilde reisa yver etter måten store fråstand. Då vart det ein marknad for å skaffa folk transportmidlar. Det var eit stort ynskjemål for mange å få seg bil. Bilrasjoneringi og andre rasjoneringstiltak vart avskipa i tidi millom 1949 og 1951, men det var lang kø for å få seg ein bil i mange år frametter. Plasten hadde gjort seg interessant for bilindustrien i USA kring 1950. Bilane skulde verta meir og meir prega av plastkomponentar.

Artikkelen um plasten si historie i Noreg held fram i neste utgåva av bladet, der me millom anna skal sjå nærare på korleis plasten vart nytta av bilindustrien i USA.

Segjer Bibelen noko um Atlantis?

Av Lars-Toralf Storstrand

Etter græsk mytologi er Atlantis ei øy som låg midt i Atlanterhavet, og som var uppkalla etter titanen Atlas si dotter. Det vert fortalt at øyi Atlantis var heilsirkulær, og låg i konsentriske sirkalar innetter, der det gjekk bru frå eine landsirkelen til neste. Inst inne låg sjølv hovudstaden, der kongarne for dei ni landriki som Atlantis femnde um skal ha møtst ein gong kvart fjerde år for å gå til stor-ting, etter kvart år å ha havt lokale ting i sine egne, respektive rike.

Den græske filosofen Platon fortel at landet, eller eigenleg samlingi av land, kvarv under havvta i ein umfemmande katastrofe. Dei fleste, både i forn- og notid, meiner at Atlantis er ei segn og at det heile ikkje er meir enn litterær fiksjon, må vita, men til tider - millom anna i oldtid - hev det vore dryft seriøst om ikkje det kann vera ein kjerne av sanning i Atlantis-soga.

Til sume tider hev ein dessutan freista identifisera Atlantis med ulike territorium, til dømes Helgoland, Antarktis og Amerika. Det siste er jamvel forkynnaren Aril Edvardsen inne på i bøkene sine med samletitelen "Solgudens Autostrada" - elles eit forvitnelegt bokverk med mange opplysningar og koplingar. Me skal korso ikkje stogga med honom, men gå attende til:

Platon

Det me kjenner til um Atlantis frå Platon si sida er å finna i bokverki Timaios og Kritias. Desse sokalla dialogane, er oftast datera attende til det fjerde hundradåret f.kr, og mange meiner at dette er ei av dei tidlegaste nemningane for Atlantis. Eg er ikkje sand i dette. Det er dét denne artikkelen skal handla um.

Teologi og mytologi

Spyrr ein teologar flest, kjem dei helst til å avvisa at Bibelen hev noko slag å segja um Atlantis. Det skal dei få lov til å segja og meina. Men like mykje som dei hev sitt syn, må andre hava lov til å meina onnorleides.

Her må eg like fullt koma med ei åtvaring. Når eg snakkar um Atlantis - er det i denne artikkelen ikkje sèt som eit mytisk kontinent - men eit heilt og halde reellt kontinent. Med det meiner eg ikkje eit kontinentalt rike av det slaget Hitler, Himmler og Göbbels drøymde um, der dei plassera upphavet til sitt draumefolk - det ariske - der berre eit fåtall slapp undan den endelege katastrofen - og seinare slo seg ned millom det moderne Iran og nordre India.

På grunn av plassumssyn kann me

ikkje koma nærare inn på dette her, men eg vil berre slå fast at tanken um eit arisk folk, ein superrase av menneske som hadde høgare intelligens og betre skapnad enn alle andre - framleides lever dugande i den indiske kastetanken, der dei høgaste av kastane er dei som er lysast i hudi, og dei lægste av kastene er dei som er myrkast i huda.

Det finst dessutan opplysningar som tyder på at 'det ariske folket' som Hitler og nazistane drøymde um kann vera det same som den folkegruppa Snorri Sturluson kalla "alvane", høgvakne, blonde og blåøygde. Men som nemnt ovanfyre - kann me av plassumssyn ikkje gå nærare inn på dette her.

Litt meir Platon

Platon meinte sjølv at atlantidane - som han kalla folket som rådde i riket - nådde høgdi av si makt for 11.500 år sidan. På denne tidi skal dei ha gjort krav på store luter av Milomhavsregionen.

Parallellane til vår tids verd er skræmmande. For Platon segjer at dei slutta å setja godleik og venleik, verdiar og menneskeverd yver dei materielle godi. I det ligg naturlegst nok ikkje påstand um at det er noko gale i å gleda seg yver materiell rikdom. Det er berre ei åtvaring um at me, slik nytestamentet åtvarar oss at me ikkje skal tena Mammon, men at Mammon skal tena oss.

Platon segjer:

"Men når Guds del hos dem begynte å utradere ved at den ofte, og mye ble oppblandet med det dødelige, da kunne de ikke lenger bære sin lykke, men fornedret seg."

Det skal ha vore ovguden sjølv, Zeus, som dømde Atlantis til ein total og brå død. På mindre enn eit døger var heile riket Atlantis kvorve i havsdjupnene med menneske, dyr og soldatar. Platon sjølv trudde ikkje at det nokon gong kom til å finnast spor att av riket -

Det er dette eg framfor alt vil stella spursmål ved. Det kann me sjølv sagt stella spursmål ved. For um Platon tufta forteljingi si på ein myte - i staden for sanningi - kjem naturlegst nok konklusjonane hans til å vera eit godt stykkje undan sanningi, dei med.

Bibelen og filosofien

Kann det tenkjast at Bibelen hev noko som helst å segja oss um dette riket? Det må i so fall både vera eit munlegt ankepunkt - og ankerpunkt.

Um ein, slik eg sjølv hev valt å gjera, tek utgangspunkt i eit bibelkreasjonistisk skapingssyn der jordi ikkje er so mykje

eldre enn 6000 år, i staden for det rådande evolusjonistiske der jordi er milliardar av år gamal - so kjem ein snøgg i vande med Platon sitt tidsperspektiv, der Atlantis må ha gjege under mange tusund år fyre jordi vart skapt. Eg er likevel ikkje tenkt å gie meg med det, med di eg i resonnementet som fylgjer vil freista underbyggja at både Platon og vitenskapen av i dag kann ha bygt på eit rangt tidsperspektiv.

Då jordi vart kløyvd

I 1Mos 10:25 stend det um ein av Noah sine ætlingar, Peleg, som truleg var femte eller sjette ættleden - med andre ord kring 150 - 200 år etter flaumen, det er kring 18-1900 år etter Adam.

Namnet Peleg tyder "kløyving", og då er det tala um "fysisk kløyving", noko som jamvel gjeng fram or 1Mos 10:25 der det stend å lesa:

"Ever fekk tvo søner. Den eine heitte Peleg, for i hans dagar vart jordi kløyvd. Bror hans heitte Joktan".

Rett nok held sume umsetjingar fast ved at det stend *"den eine heitte Peleg, for i hans dagar vart menneska spreidde ut yver jordi"*. Her er det likt til at me hev eit problem, men slik tarv det ikkje vera.

For det fyrste kann me slå fast at ordet peleg (rotord: plg, hebraisk) tyder "fysisk kløyving" - faktisk kløyving med vatn. Kann det her vera kontinentalforskyvingi me ser?

Doktor i teologi, Bernard Northrup, som jamvel hev sett seg inn i sume geologiske forskingsumkverve - meiner det. Han dreg fram Jobs bok som døme på dei geologiske og geografiske tumultane som må ha gjege fyre seg då kontinenti vart til, eller rettare, då det opphavlege kontinentet vart kløyvt i ei rad mindre kontinent.

I 1Mos 1:2 stend det eintydigt å lesa at då Gud fyrst skapte jordi, var ho dekt med vatn, men i vers 9-10 stend det å lesa at Gud baud det turre landet stiga fram or vatnet og at vatnet skulde samla seg på ein stad.

Her hev me, prinsipielt tala, verdsbilætet fyre kontinentalforskyvingi. Det einaste som skil sekulær vitenskap og kreasjonisme her - er tidsperspektivet. I det heile veks det fram ein forvitneleg parallell til den atlanteanske myten - i og med dette.

For at Atlantis er ein myte - slik Platon umtalar det - kann det ikkje råda nokor som helst eve um.

Den runde jordskiva

Parallellen til Snorri Sturlasons "Heim-

skringla" - den runde jordskiva - er helder ikkje langt undan, og tek me med i rek-nestykkjet dei nære bandi som eddaen hev til græsk mytologi, vert det lett å skyna korleides det heile heng saman.

Parallellane samla

Dersom me set parallellane upp mot einannan og freistar sjå likskapane, vert det ikkje utenkjelegt at det mytiske Atlantis - og måten det gjekk under på - er eit eintydig sidestykke til jordi i antediluviansk og diluviansk tid. Det kann difor vera ein klår parallell til jordi som gjekk under i Storfloaumen, og der berre nokre fåe yverlivde - Bibelen segjer åtte sjeler: Noah, sønerne hans og konerne deira.

For Bibelen fortel at vatnet ikkje berre kom ned som regn, men jamvel upp or djupet - noko som kann vera forklaringi til skapingi av dei tektoniske platene, med di vatnet pressa seg fram og fekk ei heil jordskorpa til å sprikka.

Um Bernard Northrup sitt arbeid hev noko fyre seg, og set i ljøs av dei to ålmenne variantane av 1Mos 10:25 der det heiter at jordi vart kløyvd - og folki med - kann ein soleides argumentera for at både kontinentalforskyvingi og Atlantis er vortne nemnde i Bibelen.

Kva meaning hev so dette for oss?

I praksis ikkje mykje meir enn å understreka

at alle mytar kann ha sitt opphav i ein kjerne av sanning, og at myteskaping ikkje berre er noko som høyrer farne tider til. Og då meiner eg ikkje at eg sjølv med dette freistar skapa ein ny myte - men at evolusjonsteorien sitt tidsperspektiv kann vera ein myte. For same korleides ein vrir og vender på det, heng heile evolusjonsteorien på tidsperspektivet - og det gjer den platonske myten um Atlantis med, medan Bibelen set ljøs yver bae partar - på ein sakleg og god måte som ikkje er i strid med sunn, akademisk tankegang. Det einaste hinderet er at det er ein "Gud" med i rek-nestykket - og det vert for vandt for vår tids moderne "vitskapsmenn" å svelja.

Eldgrim: Norden kallar

Av Lars Moe

*Eldgrim,
«Nordkall»,
Odin Productions,
2008.*

«Nordkall» er den andre fullengdaren som det svenske vikingrockebandet Eldgrim kjem ut med, tvo år etter at dei debuterte med ei plata som kort og godt heitte «Eldgrim». Då «Eldgrim» såg dagsens ljøs, fekk ho mykje god kritikk, både for friske tekster og drivande rock, og me er mange som hev sèt fram til oppfylgaren. Til all lukka vart me ikkje von-brotne.

På «Nordkall» finn me heile 11 nye melodiar, pluss ei nyinnspeling av ei gamal låt med Ultima Thule. Plata er karakterisert av stor musikalsk spennvidd, frå harde trumbor, tunge riff og musikalsk fingerferdige gitarsoloar til

akustisk gitar med lette akkordar og all-songvenlege umkvede.

Titelsporet «Nordkall» byrjar med tunge slag på basstrengane, og ein kjenner snøgg at denne melodien kjem til å verta ein av favorittane. Han held fram med tunge riff på gitarane, og det vert sunge um den kalde vinden frå Norden. Andre melodiar tek fyre seg den nordiske naturen, det svenske flagget og svenske soldatar som er sakna i strid. Serskilt det fyrste temaet er forvitnlegt, med di det seinste åri er det likt til at stødt fleire tekster innanfor vikingrocken er byrja handla um den nordiske naturen - og at me lyt taka vare på honom slik at borni våre med kann ha gledja av honom.

Alt medrekna er "Nordkall" eit solid stykkje vikingrock, og held dei fram som dei stemnar er Eldgrim heilt klårt millom kandidatane til å taka upp torshammaren



etter Ultima Thule når sistnemnde ein dag må leggja inn årane. Du kann vitja gruppa på heimesida deira, som er <http://eldgrim.svearike.net/>.

Trefall er burte

Av Lars Bjarne Marøy

Det er med sorg eg konstaterar at Harald Trefall er burte. Trefall vart 82 år. Han var ein svært sentral person i striden kring Vestmannalaget i åri 2000 til 2002. På tvo årsmøte var han ordstyrar, og han streva heilhuga for laget med ynskje um at det skulde koma til eit forlik millom dei tvo partane i striden, men sjølv tok han tyngste taki i ungdomsstyret som tok makti etter det umframme årsmøtet i 2000 og sat fram til 2001. Trefall var ein trugen varmann som møtte på kort varsel og hadde alltid sers god orden i sakspapiri. Rettferdssansen var sterk og nådelaus. Når nokon vilde fara fram med lureri, sa han definitivt frå um kva han meinte.

Millom dei som fekk merka dette var Sis-sel Anny Hjelmtveit og Leiv Flesland. Personleg var han den fyrste til å uttrykkja studnad til meg etter at Hjelmtveit hadde gjennomført sitt feige kupp i 2000. Den studnaden varma meir enn alt anna, og eg kjem aldri til å gløyma dei gode ordi hans den gongen.

Som bergensar var ikkje fyrstevalet til Trefall nynorsk, men han kunde nytta godt nynorsk mål, um han vilde. Når dei vinstre-radikale i NMU og andre stader meinte at Trefall sverta målsaki, må ein segja med å venda ordi til ein av dei: Det er berre til å rista på hovudet av.

Trefall gjorde sitt ystte for å ikkje draga inn ålmennpolitikk i Vestmannalaget. Men då han ein gong fekk spursmålet frå Arild Håland, "Kva meiner du at du hev vunne med å skipa ditt eige politiske parti?", kom svaret kontant: "Eg hev vunne min eigen sjølv-respekt".

Meir komisk var det då han på eit møte spurde Ludvig Jerdal: "Kvifor vilde du ha meg med i Vestmannalaget?" Jerdal svara: "Eg hev alltid lika deg. Eg vil ikkje kalla deg ein fargeklatt, men du er ein fargerik person."

Det er ein talefør, intelligent og sterk person som hev fare frå oss. Minni etter honom kjem til å vera der.

Framtidi for høgnorsk mål i Noreg

Av Thoralf Bergwitz

Når me ser kva det mangeårige undertrykte folket – samane - hev uppnått med å verta synleggjorde – med millom anna – sin eigen kanal på fjerrisjå – der dei fær meir og meir vyrdnad for sin kultur og sitt tungemål – so burde det ikkje vera umogleg for høgnorsk-folket å uppnå noko tilsvararande – ja, jamvel endå lettare burde det ha vori for oss – som hev eit tungemål som er so knytt til den norske tradisjonen i det norske talemålet frå dei eldste tider upp til dags dato!

Me kann undrast på kvi me liver i skuggjen av samfunnet med vårt høgnorske tungemål – heilt yverkøyrd av både noregsdanskjen og blandingsmålskrivarane med sin arena i Det Norske Samlaget.

Kva hev me å stella upp med av media og litteratur på høgnorsk attmed alt det som vert utgjevi på noregsdansk og blandingsmål? Kva hev me å leggja fram utanum Vestmannan og Målmannen? Kva med Mål og Makt?

Kvi er me so småe og lite synlege i samheldet – jamvel jamførde med samekulturen?

Kann det hava noko med skorten på samhaldet å gjera? Er me for mykje kløyvde som gruppe?

Steller me dei same spørsmåli um den (ny)norske kulturen – so er heller ikkje den serleg synleg i media. Dag og Tid og sume småblad gjev ikkje mykje atterljom.

Me kjenner kløyvingi og ufreden i målrørsla – og at usemja tok til for ålvor i ei tid då folket hadde dei største vonir um å verta samla – ikkje mist um *norskdomen* - etter okkupasjonsåri 1940-45.

Det var nett i desse åri at *avnorskingi* tok til – for ålvor. Folket godtok det kohtske knotet som hadde fengi rotfeste i vedtakjet um 1938-normalen – og det endå um Noregs Mållag var sterkt imot dette vedtakjet då det kom.



“Tusund års rot det hev i landet, tusund år til so skal det stande...”

Kartet syner utbreidnaden åt norrønt og nærskyldde mål i det tiande hundradåret etter Kristus.

Me kann undrast på kvi Noregs Mållag snudde um etter krigsåri – og at målfylkingen tok ein annan haldning etter krigsåri enn fyr.

Me veit at det kom fleire med i fylkingen – det kom folk med som hadde eit anna huglag til norskdomen i målet enn dei som dreiv lagjet i fyrirrigsåri. Det var myki tale um å vera moderne – og ikkje minst – me måtte gjera det som ungdomen vilde hava fram. Dette var noko som fengde. Sjølve *målet* – sjølve *det norske* i tungemålet var *gamaldags* – var *arkaisk* – var avleggs – og det var *fleirtalsmålet* som kom i framgrunnen. Det var opportunismen som fekk yvertakjet i folket. Og det som var i medvitet hjå folket var, jamt og samt, det noregsdanske bokmålet. Det hadde sin firehundradårige prestisje – og var grunnfest. Me laut rette oss etter prestisjemålet – me kunde liksom ikkje tenkje på å vera so sjølvstendige at me kunde taka upp vårt eigi tungemål! Det var ikkje brukande – i korkje skrift eller tale – vårt eigi tungemål! Det er leidt å segja det, men det var, og er, ei mindremannskejnsle som her kjem til synes.

For å bøte på denne småmannskjensla, so freistar me å rette ryggjen ved å strida fram – kvar for seg - vårt eigi lokale målføre, under parolen ”snakk dialekt – skriv nynorsk”!

Ja, det var vel meint, men det vart ei opphøging av dei *lokale* målføri – som førde

med seg at *skriftmålet* òg skulde rette seg etter dei lokale målføri. Og då vart det rett å gjeva rettleiding i ei skriftnorm som likna mest på dei målføri som hadde størst folketal. Dette vart målføri i austlandsvaldet – der folket var mest påverka til å taka etter embetsmannsmålet – som heile tidi hev havt prestisjen.

Det segjer seg sjølv at ein slik dialekt-nær skriftnormal – grunnlagd på eit blandingsmål – det dreg i mange leider – og gjev ingi rettesnor til einskap.

At samane hev uppnådd sopass stor vyrdnad og innpass med sin kultur – den ligg – fyrst og fremst – i *einskap*!

Eg trur at dersom ikkje høgnorskørsla kann sameinast meir enn me til dessar hev uppnådd – so ser det ikkje serleg ljost ut for større utbreiding av høgnorsk enn det me slit med i dag.

Men det må vera tindrande klårt – at *samling som fyremål* kann ikkje berge oss ut or den hengjemyri som me er i! Hev me ikkje det klære fyremålet for auga – eit ekte - *rotekte* – norsk mål – ikkje tvo – ikkje fleire – norske mål - å stridast for – i det fall - so strandar saki på indre strid! Det må vera berre eitt norskt mål å stridast for – og det må vera av den beste kvalitet – ein kvalitet – som heile tidi må dyrkast og *odlast* på med hjelp frå kunnig gode læremeisterar!

Målmannen treng folk som skriv høgnorsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Natland stud. by S136, 5081 Bergen

Sluttordet:

Du må ha *mot, handlekraft, uthald og vilje til å sigras*.
 Og du må i kvar situasjon
kjenna andsvaret ditt.

Soldaten i felt, 1961.